



Karmøy kommune
Helse- og sosialetaten

Arbeids- og sosialdepartementet
Postboks 8019 Dep

0030 OSLO

Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.: 05/03121	Dok.nr.: 42
Arkivkode: 416.0	Dato: 11.11.05
Avd.: Dato: SAP 09.11.05	Saksbeh.: Deres ref:
U.off.:	

Saksbeh: John Gunnar Likhnes
Saksnr: 05/03209-002
Løpenr: 035811/05
Arkivkode: 030

HØYRINGSNOTAT TIL FORSLAG OM NY LOV OM ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNING

Innleiing.

Som innleiing vil Karmøy kommune presisera at kommunen er positiv til NAV reforma og har tru på at samordning av desse tenestene vil gjera det enklare for brukane, og at det vil kunna føra til at fleire kjem i arbeid i staden for å bli mottakarar av passive stønader.

Det å ha eit inntektsgjevande arbeid er ikkje berre med på å betra den einskilte sin økonomiske situasjon, men det har også mykje å seia for psykisk helse og førebygging av psykiske lidningar. Kommunen ser kor viktig det er for folk å ha moglegheiter til å leva eit aktivt liv. For personar som fell heilt utanfor arbeidslivet opplever ein at dei lett isolerer seg. Ofte er isolasjon då med på å forsterka problema som i utgangspunktet førte til at dei fall utanfor arbeidslivet. Dagsenter av ulike slag er derfor utvikla for å erstatta behovet for aktivitet og sosial kontakt for personar som står utanfor arbeidslivet. Noko arbeidstakarar får gjennom sitt arbeid. Ei vidareutvikling av NAV reforma bør derfor bli å sørga for å utvikla tilrettelagde arbeidsplassar for dei aller svakaste som aldri vil kunna fungera i det ordinære arbeidslivet. Det er god samfunnsøkonomi å halda folk i arbeidsrelaterte aktivitetar.

KOMMENTARAR TIL NOKRE AV ELEMENTA I NAV REFORMA

Lovgrunnlaget

Karmøy kommune sluttar seg til at samlokalisering skal vera lovfesta og at det lokalt må avtalast kva som inngår i kontoret. Her er det viktig at det er eit stort handlingsrom for kva lokale tenestar som skal inngå i kontoret.

Det kan verka som om der er motsetningar i lovverket. Karmøy kommune forventar at eventuelle motsetnader blir harmonisert.

Kostnader

Karmøy kommune forventar at staten dekkar kostnader med samlokalisering

Postadresse
Postboks 384, 4291 Kopervik
Besøksadresse
Stangalandsgt.7, Kopervik

Sentralbord/Serviceorg
52 85 74 00 / 52 85 75 10
Telefax
52 85 74 10

Bankgiro
7370.05.05283
Organisasjonsnr
940 791 901

E-postadresse
postmottak.hse.kopervik@karmoy.kommune.no
Internett
www.karmoy.kommune.no

Innhald i, og plassering av NAV kontoret

Ei felles fyrsteline / mottak er avgjerande for at brukarane skal oppleve at dei møter eit kontor med felles målsetjing. Vidare er det ikkje mindre viktig at dei "bakanfor liggjande" tenestene er like samordna. Slik Karmøy ser reforma, vil dette vera til det beste både for ressurssterke og meir vanskelegstilte brukarar. Dette indikerer at dei lokale NAV kontora må innehalda mest mogeleg av dei kommunale og statlege tenestene som trengst for å få folk i arbeid. Årsaka er at kontoret skal avklara brukarar sine behov og samordna tiltak. Jo fleire tenester og tiltak ein rår over lokalt, jo større er sjansen for å lukkast. Vidare vil breidda i tenester og tiltak vera med på å avgjera kor stor felles kompetanse som utviklar seg i kvart kontor / kommune etter at reforma er gjennomført. Det vil igjen avgjera kor effektive kontora blir i å nå målsetjinga om å få fleire i arbeid.

Brukarane som skal hjelpast bur i lokalsamfunnet. Arbeidsplassane dei skal inn i er i lokalsamfunnet. Då må også ressursane som skal kunna kopla desse to forholda vera i det lokale NAV kontoret. Fysisk nærleik til brukarane og sentrale samarbeidspartnarar og arbeidsgjevarar er viktig når ein jobbar med brukarar som treng koordinerte tenester.

Av dei kommunale tenestene ser Karmøy for seg at samlokaliseringa må gjelda heile den tradisjonelle sosialtenesta. Inkludert tiltak for flyktningar, rusmisbrukarar, personar utan bustad og økonomisk rådgjeving. Vidare vurderer Karmøy at det må vera mogeleg å avtala at også andre tenestar skal inngå. Kommunen er heller ikkje framand for at det kan vera føremålstenleg å samlokalisere andre tenester med det nye NAV kontoret utan at dei inngår i sjølv avtalen. Fysisk nærleik for dei som må / skal samarbeida lettar arbeidet. Samlokalisering er viktig for å få til felles kulturbygging, felles målsetjingar og felles arbeidsprosedyrar som på sikt vil få kontoret til å framstå som "eit kontor". NAV reforma vil ikkje bli effektiv dersom ein ikkje får til *ei integrert samlokalisering* av dei sentrale aktørane.

Dei lokale NAV kontora må betjena eit *felles* geografisk område, dvs heile kommunen. Lov om sosiale tjenester gjeld for personar som oppheld seg i kommunen. Trygd er representert i kvar kommune, medan Aetat famnar om fleire kommunar, eller delar av kommunar. Lokalt kan delar av kommunen sine innbyggjarar nytta Aetat i ein nabokommune. Når målsetjinga er at brukarar skal møte ei felles dør til alle tenester må Aetat sine grenser harmoniserast.

I nokre kommunar kan det vera fleire sentra kor eit lokalt NAV kontor kan plasserast. Her må kommunen ha det avgjerande ordet om kor det lokale NAV kontoret *fysisk* skal plasserast. Dette heng saman med moglegheiter til samlokalisering med andre tenester og lokal planlegging og utvikling av kommunen.


Leiging av kontoret og løysing av eventuelle tvistar

Når det gjeld leiging av kontoret og løysing av eventuelle tvistar mellom kommune og stat meiner Karmøy at det bør etablerast ei felles administrativ leiging og det må opprettast eit upartisk organ til å avgjera tvistar. Slik løysing av eventuelle tvistar er foreslått no, opplever ikkje kommunen seg som ein likeverdig part.

Avslutning

Karmøy kommune ser fram til etableringa av eit lokalt NAV kontor og vil positivt bidra til at det skjer.

Med vennlig hilsen


Arnt Mogstad
Rådman